

2021



150 år

Årsmelding

Eli Skåland Tveitane

## Innhald

Om Norheimsund indremisjon .....	2
NIM arbeidet i 2021.....	2
Fellesskapsutvikling.....	4
Satsingsområde.....	5
Rekneskap .....	5
Mål for det vidare arbeidet.....	6

## Norheimsund indremisjon (NIM)

Norheimsund indremisjon er tilslutta Indremisjonssamskipnaden (IMS) som igjen er tilslutta Indremisjonsforbundet (IMF). Arbeidet skjer i Norheimsund bedehus som laget eig og driv sjølv. Laget hadde i 2021 56 betalande medlemer (71 i 2020).

Styret har i 2021 hatt følgjande samansetjing av valde medlemmer: Eli Skåland Tveitane (leiar), Vidar Grindheim (nestleiar), Åslaug Bjelland Sætrenes (skrivar), Solveig Norheim (kasserar), Mirjam Gravdal (styremedlem), Herdis Austevoll (1. vara) og Audun Aase (2. vara). Åslaug Sætrenes har hatt permisjon frå styrevervet i november 2021- januar 2022, og Audun Aase har møtt fast som første vara i den same perioden. Styret har gjennomført 12 styremøte (av desse er to samlingar med strategidrøfting), 2 medlemsmøte og handsama 67 (60) saker i 2021 (2020). Inspirasjonssamlinga for medarbeidarar i samarbeid med Øystese indremisjon vart ikkje realisert dette året grunna lengre periodar med nedstenging av samfunnet.

Husstyret har hatt følgjande samansetjing: Hans Gravdal (leiar), Synnøve Farnes Flaten (nestleiar), Ingrid Selvik Undal (skrivar), Sissel Svåsand (styremedlem) Arthur Strømme (1. vara).

Valkomiteen har hatt følgjande samansetjing: Brit Voster og Ove Kjell Sakseid. Frå styret har Mirjam Gravdal møtt. Komiteen konstituerte seg sjølv. Hans Soldal er revisor.

Vidar Sangolt har vore tilsett i 15 % stilling som ungdomsarbeidar, der 10 % er knytt til ungdomskoret og 5 % til andre oppgåver som utleige og heimeside. Ut frå eit initiativ frå Øystese indremisjon vart Norheimsund indremisjon med på eit samarbeid om tilsetjing av Julie Haaberg tilsett som felles barne- og ungdomsarbeidar i ein 50% stilling frå 1. august 2021. Mellom anna har ungdomsklubben Origo har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, frå ei lita gruppe til ca. 20 på samlingane. Dette arbeidet ynskjer me å styrkja med at ein tilsett kan kvalitetssikra både opplegg, inkludering, leiartrening m.m. Sjå avsnitt under om ungdomsarbeidet.

Så kan me ikkje understreka nok at arbeidet på bedehuset vert bore av alle som deltek i uløna teneste. Det kan vera i tenesteteam på allesamlingar, vask av bedehuset, vaktmeisterteneste, Junior Ving, Kraft RC, Shine (NLM), ulike foreldreutval, tysdagsmøte, bønemøte eller andaktar på Toloheimen/Tolo omsorg. Styret vil takka alle som på ein eller annan måte gjer arbeidet på bedehuset mogleg! Dugnadsarbeidet på oppgradering av galleriet vart fullført dette året, takk til dyktige handverkarar!

Styret er glade for at huset kan brukast til ulike aktivitetar i tråd med målsetjinga og takkar for godt samarbeid med brukarar frå andre organisasjonar. Lærenettverket Agenda1 har hatt samling i haust, og me vonar vidare samlingar kan verta til inspirasjon for ulike kristne leiargrupper i Hardanger og området rundt.

## Om NIM arbeidet

2021 vart også i noko grad prega av korona-pandemien, særleg under andre smittebølga første del av året. NIM hadde ingen arrangement dei to første månadane, men årsmøtet vart gjort digitalt 19.februar (med ekstraordinært fysisk møte for dei resterande sakene 16.mars). Den 20. februar inviterte me til 'digital basar' med ulike innslag i samarbeid med Vidar Sangolt i ØIM som primus motor. Han stiller alltid med gode idear, god teknisk kompetanse og kvalifiserte medarbeidarar! Det var eit spanande prosjekt som krov mykje førebuing. Me har følgt nasjonale retningslinjer og IMF sin smittevegleiar og prøvd å finna kreative, men trygge løysingar. Før og etter påske hadde me delte, men parallelle allesamlingar, vaksne opp og born nede. Det fungerte godt når grensa var 50 deltakrar i same rom. Storfamiliesamling med barne- og ungdomskora i Øystesehallen hadde vore

flytta fleire gonger, men 9.mai fekk me det endeleg til trass avgrensingar! 17. mai-festen vart gjennomført i år, men i ein svært strippa versjon på grunn av smittevernreglar.

Hausten vart meir normal, med grense på 100 deltagarar. Frammøtet var noko redusert i forhold til før pandemien, men var på det meste inntil 70-80 frammøtte med stort og smått. Familiesamlinga m/soulmess i november vart utsett ein månad på grunn av begynnande smitte i bygda, men vart gjennomført 5.desember med Shine og tidlegare medlemer av Kvam Soul Children. Me fekk gode tilbakemeldingar på den samlinga. I desember auka smitten på skular, så siste samling før jul måtte avlysast. To nye, gode erfaringar som me vil ta med oss vidare er nattverd på allesamansamling og soulmess som nemnt ovanfor.

Sommarope bedehus tysdagkveldar m/bibelsamtale og bøn vart også dette året arrangert gjennom heile sommarferien. Frammøtet låg på 15-20 deltagarar, også dette året var tilbakemeldingane gode.

Innanfor ramma av Norheimsund indremisjon skjer det mange ulike aktivitetar i løpet av veka og året, over 100 barn og unge er i snitt innom bedehuset kvar veke. Måndagen har *Junior Ving* (med 21 betalande medlemer) eit tilbod for barn frå første til fjerde klasse annankvar måndag etter *Shine-øvinga* (13 betalande medlemer) som øver kvar måndag saman med dirigent Eline Hellesøy. Koret optrer i bedehus og kyrkja på samlingar. *Kvam Soul Children* for 4-7.klasse (i snitt 8 medlemmer i vår, berre 4 i haust) øvde annankvar tysdag fram til sommaren. Diverre var det ikkje nok oppslutning til at koret kunne halda fram. Klubben *KRAFT RC* (4-7.klasse), eit lågterskel-tilbod med hovudfokus på fjernstyrte bilar, hadde godt oppmøte (ca. 15 medlemer, totalt 27 born har vore innom). Siste samling hadde dei felles kveldsmat, det var svært positivt og kan vera aktuelt framover. Vaksentettleiken må verta meir enn dei fire som møter på kvar samling no. Dei fleste grupper låg nede dei to første månadane av 2021 på grunn av smitteverntiltaka, men JuniorVing hadde samlingar med maks 20 påmelde barn. Elles har alle grupper halde aktiviteten i gang. (Kreare kom ikkje i gang igjen etter nyttår). Me er svært takksame for alle som gjer ein innsats for barn og unge!

Ungdomsarbeidet har fått ei god forsterking, frå 1.august har som nemnt Julie Haaberg vore tilsett i halv stilling. Ho har gått inn og støtta leiarane i *Origo* (33 betalande medlemer), og det er vaksne med på alle samlingar. Nokre samlingar har vore meir gjennomførte opplegg, som kveld med taco-buffet. I desember kom samarbeidet med konfirmantleiarane i gang og konfirmantgrupper møtte på ulike Origo samlingar. Siste samling før jul var det minst 40 ungdommar. LINK-helga i november måtte utsetjast på grunn av smittevernstrikksjonar (til mars 2022). Samlingane veksler mellom Øystese og Norheimsund. Nytt av året er MiniTREFF, ei samling for barn mellom 0-6 år med ein eller to foreldre/føresette annankvar tysdag. Julie og Jakob Haaberg er leiarar. Det er andakt, song, leik og felles kveldsmat på samlingane. Det kjem mellom 9 og 15 barn, ofte er dei 25 til kveldsmaten. Hausten 2021 var samlingane i Øystese. I 2022 vil samlingane veksla mellom Øystese og Norheimsund.

*Ungdomskoret* er ein viktig arena for ungdomen. Koret byter på å ha øving i Norheimsund og Øystese bedehus måndagskveldar (40 registrerte medlemer). Dei gav ut fin jule-CD og fekk arrangert ein amputert julekonsert-tur (berre i Norheimsund). Styret vil retta ein takk til Julie og Vidar for den gode og viktige innsatsen dei gjer blant ungdommane!

Bøn er som «hjartebanken» i arbeidet vårt på bedehuset. Det viktige bønearbeidet held trufast fram, *bønemøta* kvar tysdags morgen kl. 07.30-07.55 samlar ei trufast gruppe på omlag 6, (januar og februar var det ikkje samlingar). *Tysdagsmøta* vart haldne om lag annankvar veke, totalt 15 (7 i 2020). Tre samlingar i vår vart avlyste, men i februar vart den digitale plattforma til Grannehjelpa brukt til å møtast via skjerm. Tema-samlingar om våren og bibeltimar med fokus på Galaterbrevet om

hausten fungerer godt. Frammøtet har vore 40-50, flest 50+. Mange set pris på fellesskapen og bibelundervisninga tysdagskveldane.

I 2021 har det frå mars vore *Allesamansamlingar* jamt over annankvar søndag føremiddag utanom i skuleferiar. Frammøtet har variert noko, på det meste ca 80 med små og store, men i periodar har smittevern avgrensa det til maks 50. To gonger i vårsemesteret hadde me to parallele samlingar på søndagar, vaksne opp og barnesamling nede. *Barnegruppene* (under skulealder, småskulealder og storskulealder) hadde berre eigne samlingar dei to om våren og seks gonger om hausten.

Andre samlingar i regi av NIM har blitt avlyste, som julefest 3. juledag og Heilag Tre Kongars fest som barnelaga normalt arrangerer i januar. Samlingar utanom bedehuset har òg lidd under nedstenginga, t.d. dei månadlege andaktane på Toloheimen og Tolo Omsorg. Det vart til saman 6 samlingar på Tolo Omsorg og 3 på Toloheimen (4 i 2020). Dei eldre set stor pris på andaktane. Ein God Dag 2021 vart avlyst også dette året. IMS sin forsamlingskonferanse i Norheimsund og Indremisjons-forbundet sin fjerde leiarkonferanse på Straume Forum/Bibelskulen på Bildøy vart også avlyst eller digitalisert. På slutten av vårsemesteret var me med og gjennomførte IMS sin «Kjør-i-gjønå»-basar for andre gong.

Samrådingsmøtet med kyrkjer og indremisjonar var i gang igjen med eitt møte på våren. Av samarbeidsprosjekt fekk me til «Haugespor» med teatergruppa Ryfylke Livsgnist 16.november i samband med 250 års jubileet til Hans Nielsen Hauge. I underkant av 200 møtte, inkludert 60 2.klassingar frå Framnes vidaregåande. Arrangementet gjekk med eit lite underskot for kvar av medarrangørane trass i stønad frå Bispedømmerådet og underskotsgaranti frå Kvam herad. Tilbakemeldingane har vore svært gode.

Styret er svært takksam for alle som legg tid og krefter ned i arbeidet på bedehuset på eine eller andre måten. Me ønskjer å vera eit raust, godt fellesskap om Jesus, vår Frelsar. Så ønskjer me også å gjera ein forskjell for lokalsamfunnet vårt og i det verdsvide misjonsarbeidet.

## Fellesskapsutvikling

NIM-styret landa i vår på visjonen «Vi vil vera ei Jesus-fokusert forsamling med verdsvidt perspektiv som ærar Gud, deler tru og liv, og får med fleire». Medlemsmøtet har gitt gode innspel til dette arbeidet. Agenda1 lærenettverket har alt vore ein nyttig reiskap. Styret vil arbeida vidare med korleis visjon kan prega alle deler av arbeidet og at me alle kan «eiga» visjon.

Allesamansamlingane i 2021 følgde stort sett tekstrekkja for søndagen for vårsemesteret og tematisk undervisning ut frå visjonen om hausten. Temaet for våren var «Han som verkar i oss med si kraft..., Han vere ære». Det er viktig for styret at folk som kjem kan oppleva fellesskapet som ein utvida familie med alle generasjonar. Å feira felles nattverd under hovudsamlinga vår, styrkte samkjensla. Når fleire har fellesskapet på bedehuset som sitt åndelege fellesskap, er dette ei ønskt utvikling. Tilbod om forbøn høyrer også med slik at me kan koma saman som heile menneske og dela gleder og sorger. Styret ønskjer at det kan bli naturleg å nytte denne tenesta. Tysdagsmøtet dekkjer også eit behov for undervisning kombinert med fellesskap, dette betyr mykje for mange.

I andre året med avlysingar og alternative løysingar har me heller ikkje i år fått hatt evaluering av opplegg i barnegruppene søndagar. Eit godt opplegg for borna på hovudsamlinga er viktig prioritering, så ei evaluering av opplegg og organisering vil me prøva å få gjennomført i siste del av komande år.

# Satsingsområda 2021

## **1. Fullføra arbeidet med ny visjon til NIM**

I løpet av våren fekk styret jobba godt med visjonen ut frå dei tilbakemeldingar som kom på medlemsmøtet. Det resulterte i visjonen «Vi vil vera ei Jesus-fokusert forsamling med verdsvidt perspektiv som ærar Gud, deler tru og liv, og får med fleire». Viktige verdiar er Gudstilbeding, disippelkultur, rausheit og hjartearme. Så startar arbeidet med at visjon og verdiar kan gjennomsyre arbeidet vårt!

## **2. Fellesskapsutviklar**

Styret har hatt to samlingar saman med leiar av Agenda1, Svein Høysæter. Han hjelper styret til å sjå korleis visjonen kan setjast ut i livet og utfordra oss til sjå nye steg i vidareutvikling av fellesskapet vårt på bedehuset.

## **3. Styrkja arbeidet i tenestegruppene**

Fleire av tenesteteama har nok medarbeidarar og fordeler arbeidsoppgåvane greitt. Arbeidet for møtevertane har vore meir krevjande dei to siste åra med skiftande reglar for smittevern under pandemien. Me er takksame for at me så langt ikkje har hatt smitte i samlingar på bedehuset! Av ulike grunnar har forsongar/bandgruppa hatt manko på medarbeidarar, og få deler på oppgåvane. Det har til tider vore krevjande. Barnegruppene har halde seg i gang så sant me har hatt lov til det. Der er det også for få leiarar, me treng å sjå på korleis me kan finna ei organisering som kan vera optimal med dei ressursar me har. Me skulle gjerne hatt kompetanse og kapasitet til oppfølging av barnearbeidet søndagar.

## **4. Agenda1 Hardanger og området rundt**

Det har vore vanskeleg å planleggja og gjennomføra Agenda1-samlingar også dette året med så mange endringar om kor mange som kan samlast. I haust fekk me endeleg gjennomført samling. Agenda1 held fram i komande år. Fleire uttrykkjer at undervisning og erfaringsdelinga er til stor inspirasjon for dei.

## **Rekneskapen**

Støtta NIM-styret har gjennom økonominemnda er viktig for god forvalting av dei midla me får inn. Skattefri gjevaruteneste til drift og ungdomsarbeid saman med elektroniske kollektar er ryggrada i økonomien. Både inntekter og utgifter ligg litt under det budsjetterte. Me takkar alle glade støttespelarar!

Styret har satsa både på samarbeid om tilsetjing av ny ungdomsarbeidar, fullføring av oppussinga av galleriet med ny varmepumpe i tillegg til video av arbeidet til internt og ekstern bruk.

Takka vera momskompensasjonen fekk me eit overskot på 52.763 kr.

Samla inntekter er kr. 501 632 (463 040 i 2020). Samla utgifter vart kr. 448 863 (452 428 i 2020). 92% av kollektinntektene kjem no inn via VIPPS. Ved utgangen av 2021 hadde me kr. 293 632 i banken.

## Satsingsområda 2022

### Mål for det vidare arbeidet

- At visjonen og verdiane til NIM pregar arbeidet på bedehuset
- At Agenda1 kan støtta leiargrupper til å realisera visjonen
- Eit solid og Jesus-fokusert ungdomsarbeid
- Enkel men funksjonell organisering og ryddige strukturar i NIM

Norheimsund, 20.januar 2022

Styret for Norheimsund indremisjon

Vidar Grindheim Solveig Norheim Mirjam E. Gravdal  
Vidar Grindheim Solveig Norheim Mirjam Gravdal  
Herdís Austevoll Audun Aase Eli S. Tveitane  
Herdís Austevoll Audun Aase Eli Skåland Tveitane